

Notat – 02.05.16

Nytt inntektssystem – avtalen H, FrP og V – konsekvensen for Nordhordland – kommunevis og som samanslått kommune – nytta KS sin prognosemodell

Dette notatet er ein oppdatering av notatet 25.04.16 og har her nytta KS sin prognosemodell for å få fram effekten av endring i utgiftsutjevningen. KS understrekar at dette er førebels berekningar.

Avtalen seier følgjande som er relevant for Nordhordland:

- **Strukturkriteriumet** - reiseavstand for å nå 5.000 innbyggjarar – **valt 25,4 km**
 - Alle kommunar får **behalde 50 % av basistilskottet** – 6,6 mill. kr
 - Dei kommunane som har lengre avstand enn 25,4 km (strukturkriteriumet) får behalde dei neste 50 % også - Masfjorden, Gulen, Fedje og Modalen
 - **NB** - dei **kommunane som slår seg saman** får vidareført basistilskottet på 2016 nivå – **ingen reduksjon** som følgje av desse endringane (2017 – 2019)
- Småkommunetilskottet – 5,5 mill. kr pr. kommune
 - Vert ikkje gjort avhengig av innbyggartal
 - Distriktsindeksen – gradering
 - < 36 – ingen reduksjon – Fedje(20) og Gulen(29)
 - 45 – 46 – Masfjorden(45) - 40 % reduksjon
 - > 46 – Austrheim(73) – 50 % reduksjon
- Forslag til enkelte endringar på kostnadsindeksen – KS

I tabellen under er det vist korleis den totale endringa vert ved å nytte KS sin prognosemodell (29.04.16). Det er delt på endring i basistilskott, småkommune tilskott og utgiftsutjevning, men dette heng saman. Endringa i utgiftsutjevningen er mindre negativ for kommunane i Nordhordland (eit lite unntak er Meland) enn det som var i det opphavlege forslaget. Ingen kommunesamanslåing – reduksjon 21 mill. kr. **Nordhordland som ein kommune – reduksjon 5 mill. kr – forskjell 16 mill. kr.**

Kommune	Endring i mill. kr - samanlikna med inntektssystemet i 2016			
	Basis-tilskott	Småkommune tilskott	Utgiftsutjevning	Sum endring
1263 Lindås	-0,6	-	-7,2	-7,8
1256 Meland	-3,5	-	-3,4	-6,8
1411 Gulen	0,9	-	-3,6	-2,8
1260 Radøy	-3,2	-	1,0	-2,2
1266 Masfjorden	0,6	-1,6	-1,0	-2,0
1264 Austrheim*	-3,2	-	1,4	-1,8
1252 Modalen	0,2	-	0,6	0,8
1265 Fedje	0,2	-	1,5	1,7
Sum utan kommunesamanslåing	-8,7	-1,6	-10,6	-21,0
Kommunesamanslåing				
Kommune Sør (Meland, Radøy og Lindås)	2,5	-	-9,6	-7,1
Kommune Nord (Gulen og Masfjorden)	1,1	-	-4,6	-3,5
Nordhordland - 8K	5,8	-	-10,6	-4,8
1253 Osterøy	-2,1	-	-2,3	-4,4

* Austrheim får ikkje småkommunetilskott i 2016 – kan bli kvalifisert for 2017 – vil da få 50 % av småkommunetilskottet